Sogn regionråd

Møteinnkalling

Utval: **SOGN REGIONRÅD**
Møtestad: Sogndal kommunehus, kommunestyresalen
Møtedato: 12.06.2009 **Tid:** 09:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 14 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

0900	Oppmøte
	Godkjenning av innkalling og sakliste
	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 24.4.2009
0900	Skuleeigarrolla ved Eva Lian, direktør KS Utdanning
1000	Pause
1010	Kvar kommune presenterer sine prioriteringar som skuleeigar (ca 5 min pr kommune)
1100	Spørsmål og diskusjon
1130	Lunsj
1230	Presentasjon av rapport frå forprosjektet Leidang Kystlei Sognefjord ved prosjektleiarane Marny Tønnessen og Ralph Kruger
1320	Pause
1330	Generalforsamling SognLab as
1400	Representantskap SIMAS
1430	Handsaming av saker i Sogn regionråd

Til temamøte om skuleeigarrolla kl 9-1130 er ein politikar frå kvar kommune invitert i tillegg til rektorar ved grunnskulane og pedagogiske konsulentar.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. **Tittel**
9/09	08/2078 **Regionalplan for Sogn regionråd - tiltaksplan for 2009**
10/09	09/842 **Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2009**
11/09	09/1179 **Njøs næringsutvikling AS**
12/09	09/839 **Orienteringssaker**

Sogndal, 29. mai 2009

Jarle Aarvoll
leiar (sign)

Karina Nerland
dagleg leiar (sign)

Sogn regionråd

Saksh.:	Karina Nerland	Arkiv: 130
Arkivsak:	08/2078	

Saksnr.:	**Utval**	**Møtedato**
5/09	Sogn regionråd	24.04.2009
9/09	Sogn regionråd	12.06.2009

Sak 9/09

Regionalplan for Sogn regionråd - tiltaksplan for 2009

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek tiltaksplanen for 2009 slik den ligg føre.

Vedlegg:
Framlegg til tiltaksplan for 2009

Saksutgreiing:

Bakgrunn:
I møtet 24. april vart regionalplanen for Sogn regionråd 2009-2012 vedteken. Planen inneheld ein strategiplan og ein tiltaksplan. Strategidelen inneheld regionale utfordringar, satsingsområde (mål og strategiar). Tiltaksdelen inneheld konkrete tiltak under kvart delmål og skal rullerast kvart år.

Dei fem satsingsområda i planen er felles bu- og arbeidsmarknad, helse, næringsutvikling, Sogndal si rolle som regionsenter og utdanning, skule og kompetanse. Planen er eit verktøy i regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen.

Vurdering:
Tiltaksplan er utvida med ansvar, tid og kostnad og drøfta i RUP-gruppa i mai. I møtet vart det føreslått at Sogn regionråd kan samarbeida med Sogndal kommune om regionsenterkonferansen til hausten 2009. Dette er lagt inn som nytt tiltak.

Vedlagt følgjer tiltaksplan for 2009.

Sogn regionråd

Saksh.:	Karina Nerland	Arkiv: 036 &85
Arkivsak:	09/842	

Saksnr.:	**Utval**	**Møtedato**
7/09	Sogn regionråd	24.04.2009
10/09	Sogn regionråd	12.06.2009

Sak 10/09

Val av arbeidsgrupper i Sogn regionråd 2009

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksutgreiing:

Sogn regionråd har p.t. desse arbeidsgruppene:
- Samferdslegruppe
- Helsegruppe
- Reiselivsgruppe
- RUP-gruppe (regional utviklingsplan)

I førre møte vart arbeidsområdet til flyplassgruppa utvida til samferdslegruppe.
Nokre andre endringar vart diskutert i møtet, men ikkje vedtekne. Administrasjonen er blitt bedt om å leggja saka fram på nytt.

Representantane i arbeidsgruppene er:

Samferdslegruppe
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune (leiar)
Olav Lunden, Leikanger kommune
Arild Ingar Lægreid, Årdal kommune

Helsegruppe
Arne Sanden, Lærdal kommune (leiar)
Torodd Urnes, Luster kommune
Jarle Aarvoll, Sogndal kommune

Reiselivsgruppe
Einar Målsnes, Balestrand kommune (leiar)
Olav Ellingsen, Aurland kommune
Marta Finden Halset, Vik kommune

RUP-gruppe
Olav Ellingsen, Aurland kommune (leiar)
Arild Ingar Lægreid, Årdal kommune
Marta Finden Halset, Vik kommune
Jostein Aanestad frå rådmannsgruppa.

Arbeidsgruppene har valt leiar for si gruppe. Ordninga med arbeidsgrupper bidreg til å vitalisera det politiske arbeidet i regionrådet, og bør vidareførast.

Sogn regionråd

Saksh.:	Karina Nerland	Arkiv: 223 &33
Arkivsak:	09/1179	

Saksnr.:	**Utval**	**Møtedato**
11/09	Sogn regionråd	12.06.2009

Sak 11/09

Njøs næringsutvikling AS

Tilråding:

Sogn regionråd løyver kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar til omstilling av Njøs Næringsutvikling AS i 2009.

Vedlegg:
Søknad frå Njøs Næringsutvikling av 2.4.2009

Saksutgreiing:
Sogn regionråd vedtok i møtet 8. desember 2006 å bidra med kr 200 000 til Njøs Næringsutvikling AS i 2007:

> *"Sogn regionråd er positive til å vere med å bidra til omstilling ved forskingsstasjonen på Njøs. Sogn regionråd øyremerker inntil kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar til dette tiltaket i 2007. Dersom finansiering elles går i orden er Sogn regionråd innstilt på å delta i resten av omstillingsperioden."*

Bioforsk la ned forskingsstasjonen på Njøs og flytta aktiviteten til Ullensvang i 2007, medan Graminor heldt fram med sin aktivitet på Njøs. For å halda på aktiviteten og kompetansen på Njøs vart alternative løysingar vurderte. Det vart stifta eit nytt aksjeselskap den 29.8.2007. Selskapet sitt føremål er å driva med rådgjeving, produkt/marknadsutvikling og å leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bør og andre prioriterte landbruksprodukt.

Saman med fleire andre bidreg Sogn regionråd med tilskot til selskapet i ein omstillingsfase. Føresetnaden er at nedtrappinga i dei offentlege bidraga vert kompensert med auka sal av tenester. Fylkeskommunen har vedteke å bidra med midlar i 5 år frå 2007.
Njøs Næringsutvikling AS ber om å få utbetalt tilskot på kr 200 000 for å få dekka utgifter til diverse innkjøp av kontor/laboratorieutstyr, naudsynte administrasjonsoppgåver og til å skrive søknader for å få inn prosjektmidlar, jf vedlagde skriv.

I budsjettet for 2009 er det sett av kr 200 000 av regionale utviklingsmidlar til Njøs Næringsutvikling. Administrasjonen si tilråding er å løyve kr 200 000 til Njøs Næringsutvikling i samsvar med føringane i vedtaket den 8.12.2006.

Njøs Næringsutvikling AS
Njøsavegen 5
6863 Leikanger

Vår dato 02.04. 09
Vår referanse *NH 024-1*
Dykkar dato
Dykkar referanse 06/1610-4

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET
Ar/saksnr: 06/1610 | Dok.nr: 9 | Saksh: KAN
L.nr. 4065/09
14 APR 2009
Ark.kode F 223633
Ark.kode S
Kassasjonsår: | Gradering: §

Org.nummer: 991 738 150 MVA
Bankkonto. 3705.11.96784

Til Sogn Regionråd
Postboks 153
6851 Sogndal

Vi er svært takksame for den hjelp og støtte som vi har fått frå Sogn regionråd i 2006-2008, og for at Sogn regionråd i brev frå 12.12.07 (referanse 06/1610-4) bekreftar at dei er innstilt på å delta i resten av omstillingsperioden.

Vi ber om å få utbetalt tilskot på kr 200 000 for 2009 i samsvar til vedtaket.

Midlane vil gå til å dekke utgifter diverse innkjøp av kontor/laboratorieutstyr, administrasjonsoppgåver og til å skrive søknader for å få inn prosjektmidlar.

I fylgje Fylkesskattekontoret v/Svanevik er slike tilskotsmidler ikkje MVA pliktige.

For Njøs Næringssutvikling

Nina Heiberg

Nina Heiberg

Styreleiar

Email: nina.heiberg@gartner.no/ninahei@online.no
Tlf. 97 14 07 95

Sogn regionråd

Saksh.:	Karina Nerland	Arkiv: 065
Arkivsak:	09/839	

Saksnr.:	**Utval**	**Møtedato**
12/09	Sogn regionråd	12.06.2009

Sak 12/09

Orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar

1. Temamøte om skuleeigarrolla med direktør KS Utdanning Eva Lian og presentasjonar frå kvar kommune (eigen post på dagsorden)

2. Presentasjon av forprosjektrapport Leidang Kystlei Sognefjorden (eigen post på dagsorden) ved prosjektleiarane Marny Tønnessen og Ralph Kruger. Rapporten er vedlagt.

3. Helsegruppa, reiselivsgruppa, RUP-gruppa og samferdslegruppa

4. Rådmannsgruppa

5. Administrasjonen

Skriv og meldingar

1. Skriv om vegsamband Bergen-Trondheim gjennom Sogn frå Per Olav Opheimshaug, 28.4.2009 og 10.5.2009
2. Skriv til Samferdselsdepartementet om flytilbodet på Sogndal lufthamn Haukåsen, 7.5.2009
3. Framlegg om nettverksorganisasjon for regionråda frå Vest-Telemarkrådet, 7. mai 2009
4. Skriv om nye verktøy for regional utvikling frå høgskulelektor Eivind Helleland, 8. mai 2009
5. Skriv til Transport- og kommunikasjonskomiteen om vegsamband Bergen – Trondheim gjennom Sogn, 29. mai 2009

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET
Ar/saksnr: 09/1408 | Dok.nr: 1 | Saksh.: KAN
L.nr: 5776/09
06 MAI 2009
Ark.kode P: Q10
Ark.kode S:
Kassasjonsår: | Gradering:

NY STAMVEG

BERGEN-TRONDHEIM GJENNOM VIKAFJELLET OG SOGNEFJELLET

Etter innlegget i Sogn Avis 28/4 2009 om snarveg Bergen-Trondheim med tunell gjennom Vikafjellet og tunnel gjennom Sognefjellet, eventuelt Årdal-Fortun-Lom vil eg koma med ein del fordelar midtre Sogn trasèen har.
Sogn Regionråd med regionvegsjef Olav Ellevset i spissen har no kasta augene sine på trasèen Bergen-Trondheim gjennom Sogn og ser fordelane den kan bringa med seg.
Med eit slikt prosjekt på skissenivå vil eg nytta høve til å kasta lys over den eine trasè-mogelegheita gjennom Vikafjellet over Vangsnes til Sogndal gjennom Luster til Fortun og gjennom nye Sognefjellstunnelen.

Strekninga Voss-Sogndal er allereie i dag kortaste alternativ over Vikafjellet og med ein tunnel på 14,9 km gjennom Vikafjellet vil det bli ytterlegare 8 km kortare.
Legg ein deretter ferjesambandet Vangsnes-Hella til Vangsnes-Verkaneset, som er neset som ligg nærare Leikanger, sparar ein endå 8,3 km dvs 16,3 km totalt.
Dei 4 nye tunellane Myrkdalstunellen, Fatlatunellen, Stedjebergstunellen og Gullringen i Luster, som no er under bygging, vil bli endå meir samfunnsøkonomiske og ferjesambandet Vangsnes-Hella evnt.(Verkaneset) vil igjen bli bærekraftig slik det var før Lærdalstunellen opna.
Denne trasèen vil bli eit fullverdig og eit kortare alternativ til Manhiller-Fodnes og gi betre ringverknader enn Årdal-Fortun-Lom.

Når rådmannsgruppa i Sogn Regionråd 12. juni skal koma med framlegg om korleis regionrådet skal arbeida vidare med saka, må dei positive ringverknadane med trasè gjennom Midtre Sogn vektleggjast.
Då avgjersla om trasèen til Fjærlandsvegen blei teken, var Vik Kommune med å stemme for trasè gjennom Sogndalsdalen, dette for å få fleirtal i Fylkestinget. Lovnaden var :
"Då skal me hjelpe Dykk neste gong".
No er tida inne, vegval og trasè-alternativ er politikk og eg håpar på at Regionrådet kan stå samla om denne trasèen.

Prioriter vegmidlane til Vikafjellstunnelen, og dei eventuelle flaskehalsane langs Sognefjorden inn til Fortun, med vidare tunell under Sognefjellet.
Dette vil styrkja næringslivet, vegkvaliteten, kommunikasjonen og bussforbindelsar gjennom Myrkdalen samt Midtre og Indre Sogn.

Kommunane det gjeld nemner eg her:
Voss kommune/ Bygda Myrkdalen med Voss Fjellansby, ein etablert og kraftig veksande ski-destinasjon i Noregs-skala - Vik- Balestrand- Leikanger- Sogndal (inkl. studentar) og Luster.
Totalt er det ca 20 450 innbyggjarar i desse kommunane + feriefolk som vil nyta godt av vegvalet.

I tillegg vil denne trasèen hjelpa eit sårt og etterlengta prosjekt som er ein tunell gjennom Vikafjellet.
Her ligg planane klare, konsekvensutgreiing og fylkesdelplan er ferdigstilt, trasè-valet har vore gjennom begge fylkeskommunane samt Statens Vegvesen og det er berre finansieringspakken som står att.

Tunellen blir ikkje berre eit enormt og dyrt prosjekt til under 3000 innbyggjarar slik mange meinar, men ei hovudpulsåre mellom Noregs 2. og 3. største byar: Bergen og Trondheim, og ikkje minst vera samfunnsnyttig til over 20 000 sogningar.

Våren 2009 er det anleggsstart på Noregs lengste hengebru Hardangerfjordbrua med bruopning våren 2013.

Her vil trafikkbiletet nord-sør kunne bli forandra, og med ein trasè gjennom Vikafjellet vil det frå Rogaland/Ryfylke, Setesdal over Haukeli, gjennom Hordaland kunne gå ein indre stamveg over Vangsnes via Sogndal til Skei og med påkobling til E39 her, denne strekninga med berre eit ferjesamband.

Bruk pengane til å rusta opp vegnettet gjennom Sogn med tunell gjennom Vikafjellet og Sognefjellet. Det vil vera distriktspolitikk i øverste klasse, noko som står høgt på samferdsleministar Liv Signe Navarsete (SP) sin dagsorden.
Håpar regionvegsjef Olav Ellevset og distriktssjef Nils Magne Slinde i Statens Vegvesen, samt Sogn Regionråd kan bringa dette alternativet vidare fram i lyset, sjå korleis mogelegheitar sogneregionen står ovanfor og få det inn på nasjonal transportplan NTP snarast.
Vikafjellstunellen treng ikkje atter ein gong vera eit prosjekt som blir prioritert vekk, men eit bærekraftig prosjekt (Bergen-Trondheim/ Indre stamveg Nord-Sør) som i tillegg kan løfta både vegstandard, ferjefrekvens, busskommunikasjon og varetransport i delar av Sogn som sårt treng det.

Sender kopi av dette skrivet til samferdsleministar Liv Signe Navarsete, Statens Vegvesen ved regionvegsjef Olav Ellevset og distriktssjef Nils Magne Slinde, Sogn Regionråd, I/S Fjordvegen rv 13, kommunane som vil nyta godt av trasèen, og ikkje minst framgangsrike grùnderar på strekninga, som er sjølve motorane i norsk næringsliv.

Vik i Sogn, den 28/4/2009.

Per Olav Opheimshaug.
Tlf : 90 53 33 17
Mail: poenvik@hotmail.com

BERGEN-TRONDHEIM GJENNOM VIKAFJELLET
OG SOGNEFJELLET. HER BESKRIVE BERGEN-LOM

INDRE STAMVEGRUTE NORD-SØR MED BERRE EIT FERJELEIE.

FRÅ ROGALAND,SETESDAL OVER HAUKELI GJENNOM

HORDALAND OVER VANGSNES VIA SOGNDAL TIL E39 SKEI.



T FERJELEIE VANGSNES-VERKANESET VIL SAMAN MED
AFJELLSTUNELLEN KORTA INN DISTANSEN VOSS-SOGNDAL

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET
Arkivsaksnr. 09/1408 | Dok.nr. 2 | Saksh.: KAN
Dato 6/17/09
13 MAI 2009
Ark.kode P Q10
Ark.kode S

SOGN REGIONRÅD

VEGSAMBAND BERGEN-TRONDHEIM GJENNOM SOGN?

Eg har eit framlegg/merknad når det gjeld sak 8/09 i Dykkar møteprotokoll som gjeld Bergen-Trondheim via Sogn.
Dette var oppe på møte 24/4/09 i Sogn Regionråd, eg har lest møteprotokollen og sett beskrivelse på veglengder/ferjer med merknader.

Det eg bemerkar er at allereie på skisse-nivå er Årdal-Fortun-Lom favorisert.

Dette skjønnar eg med tanke på at det vil gi ein heilt ferjefri veg Bergen-Trondheim, likevel meiner eg at trasèen med tunnel under Vikafjellet vidare over Vangsnes gjennom Midtre og Indre Sogn til Fortun bør belysast på lik linje med veglengder i km og ferje-alternativ.

Dette pga. at politikk og vegavgjersler er i hovudsak basert på tal og då bør rett grunnlag liggja til stades.

Under beskrivelse av "Delprosjekt" er ikkje tunnel under Vikafjellet med i analysen og dermed heller ikkje at denne trasèen blir då 8 km kortare.
Dvs at veg-alternativet gjennom Vik blir 612 km, like langt som Bergen-Trondheim via Årdal-Fortun-Lom. Dette vil sjå meir likestilt ut då ein samanliknar dei lengdemessig og vurderer. Tala er basert på Statens Vegvesen sine tidlegare kunngjeringar.

Utredningen om Vikafjellstunnelen er ferdig, konsekvensutgreiing og fylkesdelplan er ferdigstilt, trasè-valget har vore gjennom styringsgruppa som består av blant anna begge fylkeskommunane samt Statens Vegvesen.

Det undrar meg at ikkje ein einaste setning om dette kjem fram i beskrivelsen regionvegsjef Olav Ellevseth legg fram for Regionrådet.

Når det gjeld ferjesambandet Vangsnes-Hella, kan ein byggje ein ny ferjekai på Verkaneset som er neset som ligg nærare Leikanger.
Dette vil korte ned sambandet gjennom Vik med ytterlegare 8,3 km, dvs total veglengd Bergen-Trondheim blir i underkant av 604 km og dermed det kortaste alternativet, 93 km kortare enn trasèen med ei ferje Lavik Oppedal og vidare over Strynefjellet der ekspressbussen går i dag.
Gjerne dette burde vore med i utredningen og.

Om Årdal-Fortun-Lom blir valgt vil uansett parsellen Gaupne (Nes)-Fortun måtte bli oppgradert.
Dette pga at trafikken frå heile Sogn nordside inkludert Vik og dei som ikkje berre vil køyra lange tunnelar vil velja den noverande mjølkeruta gjennom Luster. Dette vil ikkje sambandet kunne takla med dagens standard og burde derfor bli ein utgifts-post som blir rekna i tillegg ved kalkylen til Årdal-Fortun-Lom alternativet.

Håpar at når Regionrådet skal ta stilling til trasè-valg så ber dei Statens Vegvesen få alle fakta på bordet, ber om ein fullstendig utredning og at den samfunnsnyttige gevinsten med trasèvalg gjennom Midtre og Indre Sogn blir nøye vurdert.
Sogn Regionråd skal tross alt vere ein felles arena med fokus på å sikre og vidareutvikle rammevilkåra for busetnad og næringsliv i heile regionen, her er ei unik mogelegheit til nettopp dette.

Eg set opp "Veglengder og ferjer" på lik linje med rapporten til Statens Vegvesen men og inkludert det eg har nevnt ovanfor, tilføyer dette som vedlegg.

Vik i Sogn, den 10/5/2009

Mvh

Per Olav Opheimshaug
Tlf : 90 53 33 17
E-mail : poenvik@hotmail.com

BERGEN-TRONDHEIM via SOGN

VEGLENGDER OG FERJER

Bergen-Trondheim via	km	ferjer	Merknad
Dagens E 39	661	6	Kvivsvegen kan eleminera 2 ferjer.
Førde og Strynefjellet	697	1	Dagens raskaste vintersamband der ekspressbussen Bergen-Trondheim går i dag.
Tunnel under Vikafjellet og tunell Luster-Lom	612	1	Ferje Vangsnes-Hella
Tunnel under Vikafjellet og ny ferje-kryssing Vangsnes-Verkaneset, vidare med tunnel Luster-Lom.	**604**	**1**	**Det kortaste alternativet Bergen-Trondheim 93km kortare enn dagens ekspressbussrute over Strynefjellet.**
Lærdal og tunnel Luster-Lom	635	1	Ferje Fodnes-Manheller
Tunnel Årdal og Luster-Lom	612	0	

Merknad!
Tala er basert på Statens Vegvesen sine eigne utrekningar utanom distansen Verkaneset-Hella som er målt til 8,3 km med km teljar.

Vik i Sogn, den 10/5/2009

Per Olav Opheimshaug

Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 62 96 14
Vår ref.
09/493-4
Dykkar ref.

Dato
07.05.2009

Flytilbodet på Sogndal lufthamn, Haukåsen

Sogn regionråd er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Arbeidet med å utvikla Sogndal lufthamn har vore eit satsingsområde for regionrådet. Saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune har Sogn regionråd bidrege med 8 millionar til teknisk innflygingsutstyr på lufthamna. Avinor har investert over 70 millionar kroner til infrastruktur og tryggleik generelt. Tiltaka har gitt betre regularitet og passasjertalet har auka.

Sogndal lufthamn er sentral i den regionale kommunikasjonsinfrastrukturen. Eit velfungerande flytilbod er viktig for utvikling i regionen.

Sjølv med store utbetringar og vesentlege investeringar i teknisk utstyr, viser statistikken at lufthamna framleis har utfordringar i regulariteten på vinterstid. Fast stasjonert nattfly er eit tiltak som vi veit har gitt positive verknader for andre lufthamner, t.d. i Førde og på Sandane. Indre Sogn er vertskap for ei rekkje verksemder med nasjonale og internasjonale interesser m.a. med eit internasjonalt næringsliv i Årdal. I tillegg er fylkesadministrasjonen og Statens Hus etablert i regionen. Alle desse har eit stort krav til regularitet på sine reiser. Det er derfor av særleg interesse at det vert stasjonert eit fly på Sogndal lufthamn om natta måndag – fredag. Sogndal lufthamn har areal til hangar til dette føremålet.

Samferdslegruppa i Sogn regionråd ønskjer å møta Samferdselsministeren for å utdjupa og synleggjera behovet for fast stasjonert nattfly på Sogndal lufthamn.

Samferdslegruppa er samansett av ordførarane Olav Lunden, Leikanger kommune, Arild Ingar Lægreid, Årdal kommune og Jarle Aarvoll, Sogndal kommune.

Vi vonar på positivt svar.

Med helsing

Jarle Aarvoll
leiar Sogn regionråd

Karina Nerland
dagleg leiar

Velkomen til
Landskonferansen for Regionråd 24.-25. august 2009
i Vest-Telemark

Vest-Telemarkrådet er arrangør av årets Landskonferanse for Regionråd. Eit tema som har vore drøfta gjennom fleire konferansar; regionrådet sin plass i forvaltninga, er tema også i år. Vest-Telemarkrådet har hatt møte med tidlegare arrangørar, og vi ynskjer no å koma vidare med diskusjonen. Vi ber om at regionråda rundt i landet diskuterar emnet før dei møter på konferansen, og gjer oss ei tilbakemelding. På bakgrunn av dei svara de sender inn, vil vi kunne utarbeida eit underlagsdokument som utgangspunkt for diskusjon på konferansen.

Problemstillinga de skal ta stilling til er:

1. skal regionråda i Noreg ha eit felles organ med faste møte, handsaming av felles saker og mogleg felles uttale?
2. skal råda ha eit felles sekretariat som tar seg av den praktiske organiseringa av konferansen?
3. skal vi ha det som no og legge temaet dødt?

Vest-Telemarkrådet sitt framlegg er ein enkel nettverksorganisasjon med sekretær som fylgjer konferansen. Oppgåvene vil mellom anna vera å førebu landskonferansen; avgjere kven som skal være neste års arrangør, gjere framlegg til tema, organisere samarbeid og bygge nettverk. Ei anna oppgåve kan være å vedlikehalde nettsida og være eit kontaktledd mot KS.

Stillinga bør vera ei prøveordning fyrste året, finansiert av råda, prosjektmidlar frå KRD og statlege midlar.

Vi ber om tilbakemelding frå regionråda innan 1. juni 2009
på e-mail: elisabeth.lid@vest-telemark.no

Med venleg helsing
Olav Urbø
Regionordførar

Telefon: 350 68400
Fax: 350 68401
E-post: vtr@vest-telemark.no
Web: www.vest-telemark.no
Bank: 2660.65.03724
Adresse: Granlivegen 1A
Veksthuset
3850 KVITESEID

Nye verktøy for regional utvikling
Eivind Helleland
til:
jarle.aarvoll@sogndal.kommune.no
06.05.2009 11:34
Cc:
"karina.nerland@sogndal.kommune.no", Tarald Seldal, Helge Hustveit
Vis detaljer

SOGNDAL KOMMUNE - SENTRALARKIVET
Arkivsak nr. 08/2078 | Dok.nr. 11 | Saksh.: KAN
Løpenr. 5903/09
08 MAI 2009
Arkivkode P 130
Arkivkode S
Klassifikasjonskode: | Gradering: §

Hei

Eg er Eivind Helleland f.t høgskulelektor ved HSF adv for ingeniør og naturfag. Underviser i arealplanfag og offentleg forvaltning.
Som ma tidlegare administrativ leiar for regionrådet er eg sjølvsagt interessert i korleis arbeidet i rådet utviklar seg. E
g prøver og å fylgja med innan fagområdet på generelt grunnlag.

Med bakgrunn i ovanståande og fylgjande utdrag frå gjeldande strategiplan for regionrådet, finn eg det difor rett å informera deg om endringar som kjem i ny plan og bygningslov no i sommar.

Utdrag frå sogn Regionråd sin strategiplan:

"3. Satsingsområde (alfabetisk)
Sogn regionråd sine satsingsområde i perioden 2009-2012 er:

- **Felles bu- og arbeidsmarknad**
- Helse
- **Næringsutvikling – utvikla næringar vi er sterke på**
- **Sogndal si rolle som regionsenter**
- Utdanning, skule og kompetanse

3.1. Felles bu- og arbeidsmarknad

Problemforståing:
Problemet er dårleg utbygd infrastruktur og manglande samla/regional oversikt over ledige stillingar og boligar for innbyggjarar og potensielle tilflyttarar.

3.3. Næringsutvikling

Problemforståing
Regionen er for lite attraktiv både for verksemder som skal etablera seg og for unge, kvalifiserte personar, det er manglande samarbeid mellom kommunane om å skaffa nye arbeidsplassar og vi manglar entreprenørskapsånd.
Hovudmål
Sogn regionråd skal utvikla næringar vi er sterke på :

- IKT-kunnskap/ offentleg forvaltning
- Industri
- Landbruk/utmark
- Reiseliv/opplevingsnæring
- Utdanning

3.4. Sogndal si rolle som regionsenter

Problemforståing *Problemet i Sogn er at vi ikkje har sentra som er store nok til å vera attraktive for*

Hovudmål
Sogndal skal styrkast som regionsenter. "

Eg har valt å setja fokus på kap 3.1, 3.3 og 3.4 sjølv om både helse og utdanning nokså direkte òg kan knytast mot det eg tek opp.

Hovudpoeneget er nemleg at ny lov opnar opp for **interkommunal arealplanlegging**.
I medhald av ny § 9-1 kan td regionrådet for heile eller deler av Sogn laga ein arealplan som sidan den einskilde kommune vil vera forplikta å leggja til grunn for eiga planlegging.
Lova tek òg høgde for evt. konfliktar og usemje som kan oppstå ved at eit fleirtal av dei samarbeidande kommunane ved ein konflikt kan forlanga at fylkeskommunen overtek arebeidet og sluttfører det.
Fylkeskommunen kan då vedta planen med dei same forpliktelsane for dei kommunane som er omhandla.

Sjølvsagt mykje å tenkja på og drøfta mop slike store grep, men eg fann det i alle høve på sin plass å informera deg.
Vil òg nytta høvet til å tilby eit samarbeid med høgskulen dersom du har ynskje om å sjå nærare på dette evt igangsetja eit prosjekt.

Mvh

Eivind Hellleland

Sogn regionråd

Postboks 153 - 6851 SOGNDAL

Sakshandsamar:
Karina Nerland
Tlf: 57 62 96 14
Vår ref.
09/1408-3
Dykkar ref.

Dato
29.05.2009

Transport- og kommunikasjonskomiteen
Stortinget

0026 OSLO

Nasjonal transportplan - Vegsamband Bergen-Trondheim gjennom Sogn

Sogn regionråd er samansett av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd ønskjer ei utgreiing av eit evt. framtidig vegsamband Bergen-Trondheim gjennom Sogn. Vegsambandet vil dekka nasjonale og regionale behov ved at vegstrekninga Bergen-Trondheim vert kortare.

Eit slikt vegsamband gjennom Sogn kan redusera reiseavstanden samanlikna både med dagens E39, som er hovudsambandet nord/sør på Vestlandet, og dagens raskaste vintersamband over Strynefjellet. Dagens E 39 utgjer 661 km og har 6 ferjer (redusert til 4 ferjer med Kvivsvegen). Raskaste vintersamband i dag over Strynefjellet utgjer 697 km. Eit vegsamband gjennom Sogn vil korta reiseavstanden samanlikna med begge desse strekningane. Vegalternativ som Statens vegvesen har skissert viser at reiseavstanden vil bli frå 26 km til 49 km kortare enn dagens E39. Vegsamband gjennom Sogn vil bli med ei ferje eller kunne bli ferjefritt. Vegsambandet stiller krav om tunnelutbygging Luster-Lom og betra vegstandard på andre strekningar i og utanfor regionen m.a. er det vist at Bøverdalen-Lom har låg vegstandard. Vedlagt følgjer presentasjon frå Statens vegvesen som er ei grovvurdering gjort på bakgrunn av kontakt frå Sogn regionråd.

Sogn regionråd ønskjer at det vert utarbeidd ei utgreiing som viser nasjonale, regionale og lokale verknadar av vegalternativ gjennom Sogn. Utgreiinga bør belysa dei samfunnsøkonomiske verknadene i tillegg til å analysera transportmønsteret ved ulike vegalternativ.

Sogn regionråd ber Transport- og kommunikasjonskomiteen om å ta inn følgjande formulering i innstillinga til Nasjonal transportplan:

> Til neste rullering av Nasjonal transportplan ber komiteen om at det vert laga ei utgreiing om eit mogleg heilårs tverrsamband mellom Bergen og Trondheim om Sogn. Utgreiinga må vise nasjonale, regionale og lokale verknader av eit slikt samband med ulike alternativ for strekninga sørsida av Sognefjorden – Fortun – Lom.

Med helsing

Jarle Aarvoll
leiar i Sogn regionråd

Karina Nerland
dagleg leiar

Vedlegg: Presentasjon frå regionvegsjef Olav Ellevset